



Stusdal VVS a/s
Apalen 17
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2461 - 16/4474

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.02.2016

Løyve til etablering av avlaupsanlegg - gbnr 54/1 Konglevoll.

Administrativt vedtak. Saknr: 111/16

Tiltakshavar: Anders Konglevoll
Ansvarleg søkjar: Stusdal VVS AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av nytt oppgradert avlaupsanlegg for våningshus med adresse Konglevoll 19 på gbnr 54/1. Det er gitt utsleppsløyve i vedtak datert 01.02.2016, saknr 069/16. Oppgraderinga av anlegget er allereie utført og søknaden vil såleis gjelda legalisering av tiltaket. Det vert elles vist til søknad mottatt 05.02.2016.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 05.02.2016 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål. Tiltak vert vurdert å vera i samsvar med plan.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla då det ikkje berører interessene til naboar eller gjenbuarar, jf pbl § 21-3.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 10.12.2015.

Tekniske krav til byggverk



Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Søknaden om etablering av avlaupsanlegg vert godkjend slik han ligg føre. Utkopla slamavskiljar må sikrast.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vidare saksgang

Kommunen har også mottatt søknad om ferdigattest for tiltaket, jf søknad mottatt 05.02.2016. Kommunen kan ikkje ta stilling til denne før tiltaket er godkjend etter plan- og bygningslova. Ny søknad om ferdigattest vert å senda inn når byggjeløyve er gitt og tiltaket er ferdigstilt.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av avlaupsanlegg i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 10.12.2015, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1, jf SAK § 9-3.**
- 3. Tiltaket skal utførast i samsvar med utsløppsløyvet i vedtak datert 01.02.2016.**
- 4. Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2461

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anders Konglevoll	Konglevoll 19	5956	HUNDVIN
-------------------	---------------	------	---------

Mottakarar:

Stusdal VVS a/s	Apalen 17	5915	HJELMÅS
-----------------	-----------	------	---------